

# Varhaug Misjonshus



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

## Innhald:

Taksam for livet	Side 4-6	Konfirmasjon	Side 14-15
Andakt	Side 7	Jubileumsfest	Side 18-23
Tøffere enn toget?	Side 8-9	Påskefest	Side 28-29
Min song	Side 11	Sangkveld	Side 30-31
Fra husstyret	Side 12-13	Mi bok	Side 32

# ODLAND a/s

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av  
parkeringsplasser

Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51 43 09 37  
Fax: 51 43 33 64  
Mobil: 908 89 556



**Bilopphugging og stort delelager.**

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND  
TLF: 51 49 49 50  
FAKS: 51 49 49 60  
rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!



# SIBYGG

NORRØN GRUPPEN



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2024

36. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

#### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Tormod Nord-Varhaug

Mob. 908 67 879

#### Det Norske Misjonsselskap

Leiar:

Sigrun Bakke

Mob: 957 04 371

#### Normisjon

Leiar:

Øystein Varhaug

Mob: 970 90 811

#### Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Mob: 476 01 167

E-mail adresse:

[post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr: 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

[redaksjonen@varhaug-misjonshus.no](mailto:redaksjonen@varhaug-misjonshus.no)

Tlf. 900 58 503

I redaksjonen: Karin Lerbrekk,  
Kristian Skrettingland, Sjur Håland og  
Per Åge Skretting

# Frå redaksjonen



**Når dette bladet** vert levert ut til alle husstandar på Varhaug, er me komne til mai 2024. Arbeidet på Misjonshuset dette semesteret er snart over, og me går inn i ein rolegare periode. Planane med påbygg og minglerom ved inngangspartiet er i gang. Styret har arbeidd med dugnadsglister, for det er noko som er planlagt på dugnad.

**I dette bladet** er det ein del bilete og stoff frå arrangement dette semesteret.

Sjur har vore på besøk hos ei som ofte er å sjå på Misjonshuset, Gunhild Lobekk.

**Andakten er levert** av amerikanaren som Sjur intervjuar i haustbladet i fjor, Guy Gilberts. Han og kona, Eva, engasjerer seg i foreningar, på gudstenester og andre samanhenger. Det er fint når nye i bygda finn seg til rette på Misjonshuset.

**Min song har** me fått frå Ingeborg Ueland. Ho er aktiv i Varhaug kristelige ungdomslag (VAKRU), er PR og talaransvarleg der. I tillegg til Min song har og eit innslag frå den årlege ski-weekenden der 122 ungdommar vera med!

**Sjur har hatt** kontakt med Martha Nord-Varhaug som for tida er i Estland. Ho gjer eit år av livet som eittåring der i regi av NMS.

**Nå er årsmøte** i organisasjonane gjennomført, likeså for Sentrum menighet. Nye styre vert presentert i dette nummeret. Sentrum menighet.

**I februar markerte** Imf Varhaug med jubileumsfest at det er 100 år sidan laget på Varhaug vart stifta. Generalsekretær Runar Landro var invitert som festtalar, og Sigbjørn Varhaug hadde arbeidd med historien, lese gjennom årsprotokollane osv. og hadde eit lengre innlegg på festen. Manuskriptet fekk me av Sigbjørn, etter festen.

**I løpet av** semesteret har det vore fleire konsertar på Misjonshuset. Her finn du nokre glimt frå desse, 30 frå Varhaug øvde i lag med musikarar og songarar frå Egersund i februar og mars i eit prosjektkor som vart avslutta med ein konsert i Egersund. Mange frå Varhaug tok turen til Egersund ein laurdagskveld før påske.

**Mi bok** er denne gong levert av Einar Mattingsdal.

Per Åge Skretting  
redaktør

**Oppdatert oversikt over møte framover er å finna på nettsida:**  
[www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no) Klikk på møteplan og så møtebok.

# Takksam for livet



Sjur Håland

**Gunhild Lobekk er trugen på Misjonshuset og i kvinneforeininga. Livet har vore travelt og har bydd på både sorger og gleder.**

**- Arbeid blant folk som har strevd litt ekstra, er blant arbeidet som har gitt størst glede, seier ho.**

Garden Lobekk ligg mest så høgt og fritt du kan koma på Varhaug. I tunet, 150 meter over Jærhavet står ei løe og to hus og slåss mot vør og vind. Gunhild bur i det eine.

- Eg bur der eg alltid har budd, seier Gunhild, når eg avtalar tid for ein prat.

Den svarte VW-Poloen manøvrerer ho trygt oppover Sælandsbakken, også på glatta når andre gjerne hadde pingla ut og snudd. 82-åringen har piggar på dekkja og er ikkje skuggeredd.



Gunhild Lobekk

- Éi gong i vinter var det tivør og blank is på vegen. Eg måtte parkera nede ved vegen og gå dei mest 900 metrane heim. Men oftast kjem eg meg opp bakkane, fortel ho.

## Ikkje skvetten

Huset er lett å trivast i for både ein besøkjande og ho som bur her.

- Eg trivst slik eg har det, og er lite interessert i å alltid måtta kjøpa noko nytt, seier ho, og smilar lunt.

Skvetten og redd? Nei, det passar ikkje til Gunhild på Lobekk!

- Redd har eg vore berre éi gong. Då var eg barn og hadde sett ein film eg var for ung til å sjå. Ei tid etter tykte eg det levde mest bak einkvar stein. Men det gjekk over, seier ho.

Varme panelvegger i stova. Gode sitjegrupper der ein kan kvila blikket på anten dei mange familiebileta eller maleria på veggene. Eller ein kan sjå ut gjennom stoveglaset og ut over Jæren.

- Her ser eg havet. Der er Toppaland og Husveg, og der er Varhaug-garden, seier ho og peikar.

## Aktiv gardakone

Gunhild var og er ei aktiv kvinne. Ho budde sine første barneår på Vigrestad, før ho som tiåring flytte til garden på Årsland saman med foreldre og søsken.

Etter at ho trefte Edmand frå Lobekk, vart det dei to. På Lobekk hadde dei kyr, griser og sauer. Gunhild var med i fjøset, i tillegg til alt det travle ho måtte ivareta innomhus.

- Eg likte godt fjøsstellet, men eg ville helst ikkje mjølka, seier ho.

I dag er det barnebarnet Stian, som bur i nabohuset. Han driv med ammeku og går på arbeid i tillegg.

## Stor familie

På veggen heng bileta av familiemedlemmane. Ho har mange å vera glad i og ha omsorg for. Gunhild og Edmand gifta seg i 1959, og fekk etter kvart seks barn. Fire jenter og to gutar. Vidare har ho fått 19 barnebarn og 17

oldebarn. Gunhild har måtta handtera sorga etter å ha mista mannen og seinare ein av sønene og eitt av barnebarna.

Edmand døydde i 1994. Det var sorger og gleder.

- Akkurat det året fekk me tre barnebarn, som fyller 30 år i år, fortel Gunhild.

Livet måtte gå vidare. Gunhild starta eit utdanningsløp på kveldstid som samsvarer med barne- og ungdomsarbeider. I 1996 var ho klar for eit yrkesaktivt liv også utanom heim og fjøs. Då tok ho til med to forskjellige jobbar. På Holmavatn og i Hå kommune.

- Litt på kvar plass, seier ho.

### **Tirsdagskafeen**

Arbeidssky har ho aldri vore. Gunhild har vore støttekontakt opp gjennom åra. I tillegg har ho arbeidd på, og til tider hatt ansvaret for, Tirsdagskafeen på Nærbø. Eit tilbod som på folkemunne vart kalla Ruskafeen. Eit lågterskeltilbod til menneske med utfordringar i liva sine. Innan dette området har Gunhild bygd kompetanse med å ta ulike kurs, særleg innan psykiatri.

- Eg har arbeidd med folk. Det har vore meiningsfylt og gitt meg mykje.

Det er ikkje meir enn eit par år sidan ho slutta av med arbeidet i kafeen og som støttekontakt. Gunhild seier ho har sett resultat av arbeidet.

- Å sjå at det nyttar, er stort. Eg har fått vore med på å få folk på føtene. Me kunne ha song og andakt, dersom ingen av dei som gjekk der hadde noko i mot det. Enkelte vart også kristne. Eg har framleis kontakt med nokre. Seier hei og slår av ein prat når me treffest tilfeldig, eller me har ein prat via telefonen.

### **Søndagsskule og yngres**

Litt trøbbel med helsa, har ho hatt, men stort sett har Gunhild fått vore frisk.

- Unnataket er klatt med ryggen. Den har plaga meg sidan eg som lita jente skulle løfte ei bøtte som eg trudde var full med vatn. Rykket øydela noko som har plaga meg sidan.

Bibelen, Sangboka og sjuande sansen ligg på bordet attmed godstolen. Gunhild seier at grunnlaget for trua vart lagt alt i barneåra. Ho fortel om bestemor, Gabriella, på Årslund som var trugen i foreininga til Sjømannsmisjonen.

- Om eg ikkje vart ein bevisst kristen før i tida då Edmand døydde, var eg godt opplært frå barneåra av, så eg fekk med meg søndagsskulen, yngres og fråhaldsrørsla IOGT sitt tilbod på Vigrestad.

### **Fast inventar**

Barna til Gunhild og Edmand gjekk også trufast på søndagsskulen på Auestad då dei var små. Gunhild byrja i NLM si eldre kvinneforeining i 1995. Der, og på Varhaug Misjonshus, har ho vore fast inventar sidan.



*Gunhild på Masada*



*Gunnhild og Martha Bø*

Ho prøver å få med seg dei fleste møta, same kva organisasjon som arrangerer, og har for tida stor glede av bibellesetilbodet Rik Bibel.

- Det er mest slik at det må vera ein fødselsdag i familien eller ein ekstra vond rygg som hindrar meg i å gå på møte, seier ho.

Å møta folk er viktig. Forkynnelsen likeså.

- Det er dei som held føre at dei like så vel kan vera heime og sjå eit møte på fjernsynet eller lesa i Bibelen eller i ei andaktsbok. Det tykkjer ikkje eg. Det er noko eige med fellesskapet på Misjonshuset, seier ho.

Så lenge eg får lov til å køyra, vil eg gå på Misjonshuset, seier ho.

- Sykkel er ikkje aktuelt. Pusten er ikkje så god. Det blir for anstrengande med bakkane opp til Lobekk.

### **Gunhild på reisefot**

Gunhild seier at ho alltid har likt å reise. Det har blitt mange turar opp gjennom åra. Blant anna til Kenya, og fleire gonger til Israel og Bolivia. Det er desse landa ho omtalar som favorittreisemåla.

- Eg har alltid tykt det har vore gildt å sjå meg om og vera på tur, men nå kjenner eg at eg er ferdig med langturane. Det handlar mellom anna at det er krevjande med dei store høgdeforskjellane.

Også innafor landegrensene har turane blitt mange rundt i alle landsdelane.

- Nå blir det mest turar på besøk til barna. Det betyr mellom anna til Haugesund og Bergen. Det er ikkje så reint lite det heller. Eg får absolutt lufta meg det eg vil, smilar ho.

### **Ikkje åleine**

Den kristna trua er god å eiga.

Gunhild var nyleg med og følgde ei av føreiningsmedlemmane til den siste kvilestaden på jorda. Det er dette det handlar om.

- Du kjenner deg trygg og er ikkje åleine. Eg vil seia at eg har og har hatt eit godt liv. Det er eg takksam for, seier ho.

Gunhild peikar på spisebordet.

- Nå må du setja deg nett der det passar best. For nå skal me ha kaffi, seier ho.

**VB** VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / [www.voldentollefsen.no](http://www.voldentollefsen.no)



Guy Gilberts

# Vær alltid glade, be uavbrutt, takk Gud under alle forhold! For dette er Guds vilje med dere i Kristus Jesus.

## 1 Tes 5:16-18

Paulus minner sine lesere i 1. Tessalonikerbrev at vi alltid skal være glade. Men hvordan er det mulig? Skal vi alltid gå rundt med et smil på ansiktet? Skal vi være glade for alt som skjer med oss? Er det ikke litt "rart" å tro at vi alltid kan være glade?

Mange folk tenker eksakt som dette. De sier at kristne er dumme og tenker at vi alltid skal være lykkelige. Og faktisk, har de rett - hvis vi tror at Paulus sa at vi skulle være lykkelige, men det er ikke hva han skrev. Paulus skrev at vi alltid skulle være glade. Å være glad er helt forskjellig fra å være lykkelig. På Engelsk er det lettere for meg å forklare.

På Engelsk er å bli lykkelig er «to be happy». Ordet «happy» kommer fra «happening» eller noe som «happens». Det betyr at lykke kommer fra noe som skjer. Vi er lykkelige når noe skjer som er godt, trivelig, eller føles godt. Men Paulus (og Gud) vil ikke at vi alltid føler oss lykkelige, men at vi alltid er glade. Guds glede kommer fra å være Guds barn og vite at vi har Hans kjærlighet.

I Fil. 4:4 leser vi, «Gled dere alltid i Herren! Igjen vil jeg si: Gled dere!» Gleden kommer fra Gud, ikke fra hva som skjer med eller rundt oss!

Så, hva om jeg faller og brekker beinet mitt? Skulle jeg føle meg lykkelig og rope «halleluja»?

Selvfølgelig ikke! Gud vil at vi skal være glade. Vi kan være glade for at han har en plan med oss, eller at ulykken ikke var verre. Men først og fremst, kan vi være glade for at Gud passer på oss, hele tiden, overalt. Når folk ser at vi kan være ulykkelige, men på samme tid glad, begynner de å lure på hvordan vi greier det.

Hva er vår hemmelighet? Ønsker du å være mer frimodig? **Vær alltid glade!**

Vennlig hilsen  
Guy Gilberts

# Tøffare enn toget?



Sjur Håland

**Vel, det kan passa på Martha Nord-Varhaug (21). Ho er for tida eittåring for Det Norske Misjonsselskap med base og teneste i to ulike bydelar i Tallinn i Estland.**

- Du må vera litt tøff?

- Ja, jedna dæ, svarar Martha Nord-Varhaug på kav jærsk, og knotar aldri det grann etter å ha hatt bustadadresse Tallinn sidan september i fjor.

## Varhaugjente

Utanom ein liten julepause som var, skal ho vera i utlandet fram til juni. For deg som lurar på kven Martha er, får du svaret her: Varhaugjente, dotter til Monika Tjemsland Nord-Varhaug og Gaute Nord-Varhaug i Ringvegen. Ho har ein bror, Peter, og er ei ung kvinne som er midt i utdanningsløpet sitt og som ivrar for både kyrkja og Ungdomslaget på Varhaug.

I fjor fekk ho litt trening i det å bu vekke då ho gjekk på folkehøgskule.

- Men då var det fleire feriar. Nå er det heilt annleis, seier ho.

## Tettpakka

Å få tid til ein telefonsamtale med den travle Martha, var alt anna enn lett. Programmet til eittåringen på 21 år i hovudstaden med kring 450.000 innbyggjarar er tettpakka.

Arbeidet er tilknytt NMS sitt Ucrew-program i to ulike kyrkjer i Tallinn-bydelane Saku og Mustamäe.

- Kva vil det egentleg seia å vera eittåring?

- Det har litt ulikt innhald i misjonærtenesta alt etter kor ein er. I Estland handlar det mest om barne- og ungdomsarbeid, eg reiser mellom anna mykje på leirar. I tillegg bidreg eg med praktisk hjelp i kyrkjene.

Ho seier at ho også er litt involvert i ein kristen mediestasjon.



Martha Nord-Varhaug er eittåring for NMS i Tallinn i Estland. Her er ho fotografert ved Sauk kyrkje. Foto: Magne Mølster.

- Det kan vera krevjande å ikkje beherska estisk, men det er gildt å vera med, og så lærer eg mykje.

## Krevjande med språket

Språkutfordringane er mest knytt til godt vaksne folk. Martha seier at dei unge er gode i engelsk, medan dei mindre barna, naturleg nok, ikkje snakkar engelsk.

- Men felles for alle er at dei er veldig tolmodige og greie når dei snakkar med meg, understrekar ho.

Sjølv går ho på språkkurs to gonger i veka for å læra estisk.

- Ikkje det enklaste språket som finns, men det er kjekt og utfordrande å læra noko nytt, seier ho.

## Kyrkjesamarbeid

Dei to lutherske kyrkjene er ikkje veldig ulike kyrkelydane i Norge. Martha fortel at det er

vesentleg færre kristne i Estland enn det er i Norge. For å for eksempel få nok deltakarar til ein leir, blir ungdommar frå heile landet invitert.

- Likevel er det færre unge som reiser på leir enn kva eg er van med heimefrå. Det seier litt.

Med få kristne er økumenisk arbeid viktig i Estland.

- Det betyr at medlemmar i ulike kyrkjesamfunn, som baptistar, katolikkar og ortodokse kristne finn saman og samarbeider på enkelte område. Det har det vore veldig kjekt å få vera med på, seier Martha.

### **Mangfald i tenesta**

Blant mangfaldet og kvardagen i tenesta er bibel- og bønne møte med tilhøyrande lunsj i eine kyrkja kvar tysdag. På onsdagar er det suppekjøkken til folk der målgruppa er personar som har det krevjande. I tillegg er ho mellom anna med i både lovsongsteam og kor. Vidare nemnar ho ungdomskvendane der ho også har ansvaret sjølv nokre kveldar.

Martha er ikkje ganske åleine norsk. Presten i eine kyrkja er norsk, medan ho som er prest i den andre kyrkja har studert i Norge og lært seg språket.

- Kvifor Estland?

- Tenesta i Estland liknar litt på det eg er van med heime. Praktisk arbeid og ungdomsarbeid. Og så er det ikkje så langt vekke.

Nettverk bygger ho undervegs. Av og til går ho i den internasjonale kyrkja og møter folk der. Kontakt med vener og familie her heime går gjennom telefon og sosiale mediar.

Martha fortel at til hausten er planen å ta nokre fag i Bergen. Då skal nye ungdommar ut i teneste.

### **Bør vera sjølvstendig**

- Kva eigenskapar bør unge folk ha for å søkja seg ut som eittåring?

- Du bør nok vera både sjølvstendig og utadvendt. Dette er ikkje så skummelt som det kan høyrast ut som. Estland eller andre land i Europa er ikkje så veldig langt unna. Og så har eg hatt besøk av ei veninne – og neste veke kjem mor og far på besøk.

Martha erfarer at NMS er flinke til å kursa oss unge som skal ut.

- Dermed får ein også eit nettverk av andre ungdommar. Det er fint å kunna snakka og relatera oss til kvarandre sjølv om kvardagane våre er ulike alt etter kor me er.

MALER OG GOLVLEGGER



**Jæren Gulv AS**

Varhaug • Tlf. 488 48 700



# Skiweekend 2024

Ingeborg Ueland – Pr- og taleransvarlig

## Varhaug kristelege ungdomslag - VAKRU, 122 ungdommer på tur.

Skiweekend er en helg vi reiser med ungdomslaget til Tonstadli, som er ett leirsted på Tonstad. Der har vi møter med andakter, lovsang og lek. Det er møter hver dag. Vi reiser også på slalåm, dette året reiste vi til Tjørhom, som har stolheis. Dette var mange begeistret over.

Tidligere år har vi reist til Ådneram. Der har de kun tallerken heis, men har en god del ulike bakker, og fjelltrekk. Folk var veldig glade med å få bruke stolheis.

Skiweekend er en morsom tur med mye sosialt. Det er også en god mulighet til å ta med seg mange som ikke går på ungdomslaget til vanlig på møter. Der er det også mulighet til å bli bedre kjent med de nye som kommer, skiweekend er noe som virkelig samler folk. Til vanlig pleier det være noen av de nye (8. klassinger med), men dette året var det mange med. Det var kjekt. Totalt var vi 122 ungdommer på leiren.

Skiweekend er et av flere høydepunkt i semesteret på Vakru. Mange ungdommer gleder seg mye til denne helgen, og synes de har gode minner derfra.

**ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER**

# Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • [post@elektrofag.no](mailto:post@elektrofag.no)

En god kontakt på Jæren

**EL-PROFFEN**

**Tips:**

Les eller hør sangen «jeg overgir meg» før du leser denne teksten.

# Min sang



Ingeborg Ueland

## Jeg overgir meg - Get Focused

Da jeg, i høst, fikk spørsmål om å skrive et utdrag til min sang, visste jeg med en gang hvilken sang jeg skulle skrive om. Sangen heter «Jeg overgir meg» og er skrevet av et team i Get Focused. Første gangen jeg hørte denne sangen, var på Impuls i fjor, 2023. Da sangen kom, var det som om den bare var ment for meg å høre. Sangen handler om å gi alt du har til Gud, og overgi seg fullstendig. Den handler også om at du ikke trenger å være perfekt for å kunne overgi deg til Gud.

På den tiden jeg var på Impuls i fjor, var jeg ikke på et veldig bra sted med verken meg selv eller Gud. Jeg hadde ikke veldig god selvfølelse, og opplevde veldig mange ganger å bli utestengt både på grunn av tro, og på grunn av at jeg var meg. Sangen handler om å gi alt du strever med til Jesus, og komme helt ren. Jeg hadde heller ikke en personlig tro der og da, det var mer som en vane, som en barnetro som jeg vokste opp med og fikk fra foreldrene mine, men ikke helt som var for meg personlig. Jeg hadde ikke opplevd Gud personlig enda. Sangen var som skrevet til meg. Det var også da, under denne sangen, at en kompis av meg lurte på om jeg ville

være med til forbønn. Jeg hadde aldri vært på forbønn før, men jeg takket ja med strak arm og åpne muligheter. Forbønns-dama ba for meg, og jeg hørte strofen «jeg bøyer kne, innfor ditt sted, gjør meg ny i deg».

«Jeg bøyer kne, innfor ditt sted, gjør meg ny i deg» - strofen traff meg rett i hjertet. Det var som om jeg kunne bli en ny person, få et møte med en elskende Gud, som elsker meg. Av alle personer. Det var en trygghet å vite at han elska meg, at jeg var elska ubetinget. Uansett hvordan jeg så ut, hvilke klær jeg brukte, hvordan jeg snakka, HAN elska MEG.

Refreng har jeg satt som min nye levestandard, «jeg overgir meg helt til deg, ta mitt alt, ja hele meg, hele livet vil jeg følge deg, alt jeg gjør er for å ære deg.»

Alt jeg gjør er for å ære deg. Tenk så fint.


Hilsen fra Ingeborg Ueland

**EIK**  
**SENTERET**

**Vi er der når du trenger oss**

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)



Fv. Per Arvid Jakobsen, Georg Høien, Grete Håland, Andreas Rasmussen, Glenn Skretting, Loyd Aanestad og Tarald Ånestad. Torbjørn Honnemyr var ikkje tilstades då biletet vart teke.

## Nytt frå husstyret, september 2023

**Byggeprosjektet** har endeleg kome i gang. Tøming og riving av lager og tekjøkken er gjort. Graving og klargjering for tilbygget skjer nok snart. Me håper at prosjektet vil vere ferdig til semesterstart.

**Av praktiske fylgjer** kan nemnast at gangen er inntil vidare avgrensa av ein byggevegg. Golvvaskaren er bak byggeveggen, og dørlåsen har nå fått kode for å hindre uønska trafikk. Halvparten av toaletta i første etasje er midlertidig ute av drift. Me beklagar dette, men tenkjer at det skal gå greitt.

Vaskarane får også litt meirarbeid sidan vaskemaskin mm måtte flyttast inn i trongare rom ved kjøkkenet inntil vidare. Takk til dei som tar meirarbeidet med eit smil. Hugs at det blir betre etterkvart.

**Årsmøtet for misjonshuset** vart halde 21.mars, med 31 røysteføre tilstades. Utsettinga av bygginga har gjort at prosjektet nok blir litt dyrare enn planlagd. Årsmøtet samtykte i at byggesummen kan kome til å auka i forhold til indeksregulering.

**Gjevarteneste.** Byggeprosjektet er starta i tru på at gjevarar er villige til å stille opp. Innsamlingskomiteen er i gang allereie. Det vil vere ynskjeleg med kr 30 000 per måned over ein periode på 9 år. Velkomen til å bidra med eingongsbeløp eller månadleg.

Informasjonsark med QR kode gjer det lett å aktivere gjevarteneste med mobiltelefon.

**Dugnad.** Me er nå i ferd med å ta initiativ i forhold til dugnad. Om du får spørsmål om å bidra så håper me at du seier ja. Ta gjerne kontakt med underteikna om du er spurd, men ynskjer å ta del.

**Ny miksepult** er godt i bruk, men ein planlagt «knapp» for enkel bruk er ennå ikkje i gang. Derfor treng me også her litt tålmod for dei som ventar på denne løysinga. Men det kjem.

Styret har elles oppdatert **informasjonsskriv** som gjeld for interne brukarar av huset og for eksterne leigetakarar. Desse vil du snart finne på heimesida [varhaug-misjonshus.no](http://varhaug-misjonshus.no) > Om Misjonshuset > Informasjon om bruk. Sjå på dette, så veit du korleis reglar og rutinar er på huset.

**Elles noko?** Gje gjerne beskjed til oss i styret om noko ikkje er greit.

Me sjåast på misjonshuset!

Torbjørn Honnemyr,

Leiar i husstyret

# Årsmelding for 2023 frå husstyret

«Eg vart glad då dei sa til meg:

«Vi vil gå til Herrens hus.»» (Sal. 122)

Ja, målet med arbeidet på misjonshuset er djupast sett at flest mogleg vil kome for å høyre Guds Ord, be, tilbe, ha fellesskap, og tene Herren. Samstundes ønsker vi og velkomen anna arbeid av byggande karakter for samfunnet. Husstyret har dette i botnen for sitt arbeid. Husstyret har hatt 8 styremøter i 2023.

Dette er noko av det me har arbeidd med:

- Byggesaka har dessverre blitt utsett og utsett, det er nå 2 år sidan prosjektet vart vedtatt på årsmøtet 2022. Nå er heldigvis prosjektet i gang og me gler oss over det.
- Innsamlingskomiteen har lagt til rette med fast gjevarteneste med skattefrådrag. Innsamlingstala bør bli endå høgare, og me håper og trur at dette skal betre seg nå når arbeidet er i gang. I 2023 kom det inn kr 93000 i Gjevartveneste og kr 150 000 i Fast gjevarteneste med skattefrådrag.
- Me har arbeidd med informasjonsskriv til interne brukarar og eksterne leigarar. Informasjon fylgjer.
- Ny miksepult er installert av Teknisk komite. Dette vil etterkvart betre lyden og bli meir brukarvenleg for både meir og mindre proffe brukarar.
- Vanleg vedlikehald og reingjering. 50 nye stolar i matsal.
- Den årlige Misjonshusbasaren som Husstyret arrangerer var i år 15. september. Basaren innbrakte kr 65 000 i overskot. Alfred Salte hadde andakt, Astrid Varhaug song og ImF stod for bevertning.
- Ei årleg samling med branngjennomgang vart halde 21. september. Alle brukargrupper var invitert, og det er om å gjere at flest mogleg blant leiarar i gruppene kan kome på denne årlege, men ganske korte samlinga.
- Informasjonsskjerm ved inngangspartiet er installert. Dette er ein fin start, og så kan systemet tilpassast etterkvart.

- Takk til Sparebankstiftinga SR-Bank for 70 000 til Miksepult og til Hå kommune gjennom «Kontaktutvalet for kulturbygg og anlegg i Hå» for kr 116 000.
- Takk til dei som har utført reinhald og anna slags arbeid som er heilt nødvendig, men ikkje blir lagt så mykje merke til.
- Takk til Jarle Waldeland og Jan Gunnar Undheim for at dei alltid stiller opp for brøyting og strøing om vinteren.
- Takk til Byggekomite, Teknisk komite, Redaksjonsnemnda for Misjonshusbladet for godt og skikkeleg arbeid.
- Takk til alle som har brukt huset i 2023.
- Styret har i 2023 vore: Torbjørn Honnemyr (leiar), Tarald Ånestad (nestleiar og innkjøpsansvarleg), Per-Arvid Jakobsen (sekretær), Georg Høien (nøkkelsvarleg og byggekomitemedlem), Andreas Rasmussen, Grethe Håland, Loyd Aanestad (byggekomiteleiar) og Glenn Skretting (brannvernansvarleg). I tillegg har formann i Ungdomslaget, Ådne Skretting, eller Sigve Kydland, vore med på møta. Steinar Ånestad har vore kasserar.
- Styret 2024 blir det same som i 2023, utifrå val som er gjort på årsmøta til misjonshuset sine eigarorganisasjonar. Det er eit godt team!

For Husstyret, Torbjørn Honnemyr (leiar),

28/2-2024



Årsmøtet vart halde 21.03.24. Talar Jan Erik Westen.

# Sentrum menighet



## Styret i Sentrum menighet

*Fv. Per Kristian Skretting, Johan Skretting, Njål Omland, Morten Habbestad, Marta Marie Torland, Knut Harald Håland, Anne Gro Solås, og Jarle Stokkeland.*

## Konfirmasjon



*F.v. Torje Liene, Silas Rasmussen, Mathea Nord-Varhaug, Elisabeth Vagle, Tone Lise Skretting, Abraham Auestad og Jonah Aanestad.*

## Samtykke

Vi har nå laget et opplegg der man kan registrere samtykke slik at vi kan bruke bilder med personer på nettsiden og andre publikasjoner frå Sentrum Menighet. Dette gjør det lettere for oss å lage gode og levende informasjonssider. Vi setter pris på om de som vil gir samtykke til dette går inn på nettsiden vår, under «MINSIDE – Gi Samtykke» eller bruke linken: <https://sentrum-menighet.no/minside/samtykke> Det er også en funksjon i systemet der vi kan be om samtykke, så om det kommer kanskje en mail eller SMS som ber om samtykke om en stund.

## Nettsiden vår

Oppfordrer til å sjekke ut hjemmesidene våre <https://sentrum-menighet.no> regelmessig. Her er det informasjon om alt som skjer. Send gjerne en mail til [post@sentrum-menighet.no](mailto:post@sentrum-menighet.no) om det er noe du ønsker å gi tilbakemeldinger på.

# Konfirmant 24/25

Vi i Sentrum konfirmant starter opp høsten 2024 med undervisning på Varhaug Misjonshus

## Kvifor konfirmasjon i Sentrum Menighet?

Konfirmasjon er ein tradisjon som gjev oss store moglegheiter til å koma i kontakt med unge. I Noreg vel over halvparten å konfirmera seg i ei kyrkje/ menighet. Konfirmasjonsåret er ein super moglegheit til å dela tydeleg og livsnær undervisning, samtaler og relasjonsbygging. Dette kan verta retningsgjevande for liv og evighet. Meir enn 85% tek ei avgjersle om tru innan dei er ferdige med konfirmasjonstida. Lat oss gje dei det aller beste!

Vi i Sentrum Menighet ønsker å ha eit tilbod for folk gjennom heile livet. Då vert også konfirmasjonsopplegg ein naturleg del å ha i menigheten vår.

Vi i Sentrum Konfirmant ønsker å møta og sjå ungdommane. Dette skal vera ein arena der dei kan kjenne seg heime. Vi vil gjennom konfirmasjonstida arbeida for å få eit godt band til ungdommane slik at vi seinare kan leia dei inn i andre samanhengar for kristne fellesskap. Vi ønsker at dette året skal vera ei tid for å veksa i tru og verta meir grunnfesta. Eller at dette rett og slett er året der konfirmanten kjem nærare å ta imot Jesus som Herre, frelsar og venn. Draumen er å planta ein større hunger etter Jesus i konfirmantane. Vi drøyer også om at opplegget i Sentrum Konfirmant skal opplevast så kjekt og relevant at ungdommane snakkar saman med andre om det. At det skal høyrast at Sentrum Konfirmant er ein god og lærerik stad å vera. Heilt til sist kan vi kanskje samanfatta dette hjartet i visjonen: *Ei tid for å veksa i tru.*

## Kven er dette for?

Dette er eit opplegg for deg som ønsker å konfirmera deg kristeleg. Undervisninga og konfirmasjonen er også open for konfirmantar som bur andre stader enn Varhaug. Då anten som eit supplement eller som eit fullverdig konfirmantopplegg.

Viss de ønsker å ha sjølve konfirmasjonen ein annan stad, men følge vår undervisning, må det avtalast individuelt med den aktuelle menigheten/ kyrkja.

Undervisninga i Sentrum Konfirmant startar opp i begynnelsen av september. Vi har samlingar annan kvar måndag på Varhaug Misjonshus. Til saman består konfirmasjonstida av 14 slike samlingar. Ei vanleg konfirmantsamling vil vera bygd opp slik:

18.30 - 19.15: Samling/ undervisning

19.15 - 19.35: Kveldsmat

19.35 - 20.00: Leik

20.00 - 20.30: Smågruppetid/ spørsmål og samtale

Vi nyttar konfirmantmanualen Smak & Se. Manualen er eit samarbeid mellom IMI Kirken og Awana.

Konfirmasjons gudstjenesten er alltid siste lørdag i april kl 12.00 på Varhaug misjonshus. Påmelding til og være med på opplegge finner dere på [sentrum-menighet.no](http://sentrum-menighet.no)

Ved spørsmål kontakt  
Gina Ueland  
mail: [ginauel@gmail.com](mailto:ginauel@gmail.com)  
tf: 47 87 04 09



**Saman gjennom livet med  
Jesus i Sentrum**

# Nye styrever



Fv: Solveig Horpestad, Roger Lerbrekk, Øystein Varhaug og Anne Utland.



Fv Berit Skretting, Terese Braut Våge, Bjørg Vistvik Stokkeland, Solfrid Harbo og Stig Hobberstad



*Fv: Toralf Liene,  
Anne Brit Stokkeland,  
Svein Jakob Nesvåg og  
Tor Selmer Olsen*



Det Norske Misjonsselskap

**Sammen kan vi forandre verden.**  
Når mennesker møter Guds kjærlighet  
skapes forandring - hos den enkelte, i  
menigheter og i samfunnet.  
For informasjon om det som skjer i  
NMS: [nms.no](http://nms.no)

*Styret i NMS Varhaug 2023:  
F.v. – Arild Vagle, Guri Skrettingland,  
Sigrun Bakke, Njål Omland.*



# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunnau@online.no](mailto:jagunnau@online.no)

• SERVICE • DELER • REPRASJONER



# Jubileumsfest 9. februar 2024 - DVI / IMF Varhaug 100 år

I veke 6 hadde Imf Varhaug møteveke og markerte fredag 9. februar at det var hundre år sidan forreninga vart stifta. På jubileumsfesten var generalsekretør i Imf, Runar Landro, invitert som festtalar. Eit av hans hovudpoeng var: Dei viktigaste på Misjonshuset er dei som til eikvar tid er mellom 25 og 40 år. Kvifor: fordi dei tek med seg barna sine! (Barnearbeidet på Misjonshuset heiter i dag AWANA. Under gudstenestene på søndagar kl 11, er det ofte over hundre ungar i alder frå 4 år og oppover.) Dersom generasjonen 25 til 40 år er fråverande på Misjonshuset, er det fare for at arbeidet etter kvart stoppar opp. Det har skjedd fleire plassar.

AWANA når ut til over 200 forsamlings i Norge og på verdensbasis 6,4 mill. barn kvar veke.

Runar Landro tok utgangspunkt for festtalen frå Esters bok kap 1.

Sigbjørn Varhaug hadde arbeidd med historien og hadde eit innlegg på jubileumsfesten. Han fekk tildelt 10 minutt. Då kjem eg ikkje, sa han.

Det første styret i 1924 var: Svend Skretting, formann, Magnus Hobberstad, nestformann, Ole Dubland, Gabriel Ånestad og Rasmus Mikkelsen Husveg.

Styret i 2024 er. Toralf Liene, formann, Svein Jakob Nesvåg, Tor Selmer Olsen og Anne Brit Stokkeland.

Per Åge Skretting



Tom Magne



Jonas

Sigbjørn Varhaug

---

**Kjære venner!**

**Gratulerer med jubileet! 100 år!**

Takk forresten for at eg fekk spørsmål om å setja jubileumsfesten inn i eit større perspektiv. Det har eg lyst å prøva på.

Når det gjeld Vestlandske indremisjon, og nå IMF, har dette vore ein stor del av mitt liv.

Mange her i kveld går nok tur på Kongevegen i frå tid til anna, og då er ein fort i nærleiken av den gamle kyrkjegarden, med kapellet ned med sjøen, på Varhaug.



Runar L.



Sigbjørn

Kvar gong eg går i det området, tenkjer eg alltid: Det var her det begynte, den gong, då dei første straumdrag av kristen tru og tanke vart planta i Varhaugsbygda. Den plassen nedmed sjøen som var ein hedensk kultplass, med bloting, vart langsamt forandra til ein bønestad, der Kvitekrist fekk meir og meir makt over hugen = «Sinn og tanke». Ja slik står det å lesa i kulturhistoria for Varhaug, i Norges bebyggelse, skrive av Lars M Reiestad.

Det var her det begynte, i bygda vår.

Andre historiebøker fortel at det var Håkon den gode, ein av sønene til Harald Hårfagre, som kom frå England til Norge i 945. Han hadde fått ein kristen oppdragelse hjå kong Adelstein, og vart sendt til Norge med ein stor flokk prester og munkar, med ordren: Bygg kyrkjer og fortel om Kvitekrist.

«Vårt heimland i mørker lenge låg, og vannkunna ljuset gøymde, men Gud du i nåde til oss såg, din kjærleik oss ikkje gløymde». «Du sende ditt ord til Norges fjell»

«Med Guds Ord til folket» - Høyrdes ikke det kjent ut? Det er jo Indremisjonsforbundet (Imf) sitt motto,

Så slik sett er det ikkje berre ein 100 år gamal tradisjon, men meir enn 1000 år, det me er samla om i dag, for å feira og minnast.

Men Håkon den gode og karane hans, måtte gje opp tanken på å kristna heile landet.



Toralf



Torgeir



# FARGERIKE



## FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentrepenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentrepenor.no

## Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug. (2 etg på Stuelandsbygget)  
Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



[www.jarok.no](http://www.jarok.no)

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



# KAY'S

## BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



## Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER  
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

## R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT  
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Den prosessen kom seinare, og då fortel saga at der var liten motstand frå jærboendene.

Altså – det hadde begynt å spira og gro. I år feire me og Magnus Lagabøter si landslov og kristenretten frå 1200-talet. Grunnlaget for desse lover er henta i tekster i Salme 85 og 86 i Bibelen om nåde, sanning, rettferd og fred. Magnus Lagabøter vart berre 42 år, men fekk lagt eit kristen grunnlag i norsk lovgjeving.

Men – i kveld må gjera store hopp og då må med innom 1700-talet.

Norge var under dansk herrevælde på denne tid. Danskekongen var faktisk opptatt med at kristendomskunnskapen måtte aukast, på landsbygda i Norge. Dette vart då presten sitt ansvar, med hjelp av klokkaren. Men – med berre ein klokkar i kvart prestegjeld, gjekk ikkje denne prosessen særleg fort. Alt måtte skje muntleg. Og slik heldt dei på til folk kunne katekisma utanåt.

Så kom der ein ny konge i Danmark. Christian VI. Han var så sterkt gripen av den pietistiske åndsretninga som sto sterkt i Danmark og Tyskland på denne tida. Når folket levde i vankunna og mørke, så ordna Gud det slik at dei styrande, kongar og fyrstar, fekk syn for at folket måtte løftast opp. Dette førte til at det i 1736 kom lov om innføring av konfirmasjon, av alle barn. Biskop Erik Pontoppidan fekk i oppdrag av Kongen å skriva ei forklaring til Luthers katekisme. Då så boka «Sannhet til Gudfryktighet» kom i 1737, gjekk det for alvor opp for dei geistlege at skulle folket kunna ha nytte av katekisma og forklaringane, så måtte barna fyrst læra å lesa. Danskekongen bad difor dei norske biskopane om å samla inn uttale frå prestane om korleis dei kunne tenkja seg ei skuleordning i Norge som kunne vera til «Ære for Gud, Glede for Kongen og til opplysning og sæla for dei vankunnige». Resultatet av dette arbeidet vart den første norske skulelov i 1739. Dette vart då den spede starten på organisert skule på landsbygda. Men det gjekk smått.

Går me då til det historiske året 1814, så var her ca ein million menneske i Norge, men berre 1,5 prosent kunne lesa og skriva. Vær klar over at her endå ikkje var reist eit einaste skulehus i området her.

Tidleg på våren i 1804 kom ein mann gåande langs landevegen frå Kristiansand, han stansa

lite, før han kom til bygdene rundt Eigersund. Litt seinare kom han til Ogna-sokna, og blei verande der ei tid. Mannen var Hans Nilsen Hauge. Han hadde vore i desse områda før, og vunne seg mange vener, for presten i Hå skriv at «den største del av folket her er med Hauge». Nordover heile Jæren strøymde folk til samlingane, så husa vart for små, og dei samlast ute. Han helt seg på Jærbygdene over lengre tid. Det som særprega Haugianarane, var det indre samhaldet, i arbeid og bøn. Pålitelege, hjelpsame og praktiske var dei også. Så dei var «eit salt» på den plassen dei var sette. Prestane hadde lite til overs for Hauge sine vener, likevel var desse dei mest trugne i kyrkja på denne tida. Det er forresten interessant å merka seg at nettopp i dei områda der Håkon den gode og hans menn, planta dei første krossmerka i vår landsdel, nettopp her slo Haugerørsla djupe røter, i si tid. Bygdene på Jæren vart sterkt prega av Haugerørsla, like til Karmøy.

Alt dette som eg har prøvd å peika på var med å leggja grunn og grobotn for dei store vekkingane, som etter kvart breidde seg over landet vårt. Gud reiste opp nye personar som gjekk inn i alle dei gjerningane som alt låg ferdige. På denne bakgrunn er det også at vår foreining etter kvart såg dagens lys.

Riktig nok starta dette for 115 år sidan. I 1909 vart det stifta Indremisjons-foreining der Vigrestad og Varhaug var i lag. Dette var etter vekkinga med Mathias Orheim.

Men det var altså den 6. januar 1924 at Varhaug yngre indremisjon vart danna, og slutta seg til Rogaland Indremisjon. Den første kvelden vart det innskrive 26 medlemmer.

**Det første styret var: Svend Skretting, formann, Magnus Hobberstad, nestformann, Ole Dubland, Gabriel Ånestad og Rasmus Mikkelsen Husveg.**

Kort tid etter talde medlemsflokket 59. Folket samlast til møteveker, bibelveker og småmøte, alt etter som det la seg til rette. «Og stillingen blant de troende er god. Det er bøn, og lengsel om sjæles frelse. Og de troende er bevart i Nåden», skriv Svend Skretting i 1926. Men den nystarta foreininga fekk og ein tøff start, reint økonomisk. For styret i Rogaland Indremisjon hadde vedteke at gjelda som kretsen sleit med, skulle betalast ned. Det skulle liknast ut på foreiningane. Det førte til at Varhaug vart pålagt

å skaffa kr 700,-. Det var laga i stand ein kveld til formålet, og det innbrakte kr 500,-. Resten, kr 200,- er det ikkje bestemt kva ein skal gjera med, fortel referatet. Etter det ein kan sjå i protokollane låg årsrekneskapet i foreninga frå ca 300 til 500 kroner dei første åra.

I dei harde 30-åra var det kome skriv frå Bergen om pengegåve til ny Bibelskule. «Den 25. mars i 1935 var det halde styremøte om saka og det besluttedes å sende kr 30,- til dette formål, føreløpig». Dette er underskrive av **Jon Dubland, Trygve Nord-Varhaug, Enok Varhaug, Magnus Hobberstad og Tobias Varhaug.**

Det vart vanskelege tider i krigsåra, 1940 – 1945. Når forenigna her tok i mot årsmøtet for kretsen 7.-8. juni 1940, så var det ikkje bare-bare å skaffa husrom for overnatting, mat, mjølk m.m. til alle utsendingane som kom med toget til Varhaug laurdag føremiddag. Årsmøtet starta kl 13, og på kvelden var det fest. Søndag var det gudstjenste i kyrkja kl 11.30 og avslutningsmøte kl 14 på forsamlingshuset.

I 1942 var forresten Forsamlingshuset, teke av tyskarane. Så då sto kristenflokken utan fast samlingsstad. Småmøter vart haldne rundt om i heimar, men møte med tilreisande talar var vanskeleg å få til. Men i 1943 vart hønsehuset til Kolbjørn Fitje innreida til forsamlingslokale, så då fekk ein meir flyt i arbeidet att. Kan nemna at «Våkenattsfesten» eller nyttårsfesten, som den heiter nå, vart halden hjå **Peter Vagle** i 1942. Talarar var **Knut Hogstad og Jakob Haugstad. Kåre Skrettingland og Ragnar Fitje** song. Ein gild fest med mykje folk samla, står det å lesa.

Både i 1939, 1941 og 1944, var her vekkinger som gjekk over bygda. Simon Røyksland var her i 1939 og Mikal Landro i 1941. Etter den vekkinga vart det starta ei jenteforening som skulle arbeida for «Vestlandske» sitt arbeid i Finnmark. Denne foreninga vart seinare til den kvinneforeninga me har i dag – Nordlys. I tillegg vart det ungdomslaget me har i dag starta då. Det var ungdomslag før dette, men dei gjekk inn i Ryfylke og Jæren indremisjon ettersom dei kalla seg ungdomslag sjølv om dei vart vaksne. I tillegg vart det starta yngresarbeid.

Eg har lyst å ta med litt om Mikal Landro. I ca to år frå 1941 – 1943 var han rundt på Jæren og heldt møter. Han var då rundt 26, 27 år.

Han sto i vekking på desse stadane: Brusand, Bryne, Stokka, Lura, Sandnes, Høyland på Nærbø, Nærbø, Riska, Ognå, Undheim, Sirevåg, Tananger og Varhaug. Tilbake på Varhaug i 1944, og då var det vekking i yngreslaget.

Når ein person står i vekking på same stad i lange tider, vert ein fort eit forbilete. På Varhaug gjorde det seg blant anna utslag i at fleire av mennene i bygda gjekk med «Mikal Landro-sveis» til langt ut på 50-talet. Markert midtskjel vart populært blant mennene på forsamlingshuset.

I 1945 fekk landet vårt att friheten. Møta kom i gang igjen utpå hausten 1945, i Forsamlingshuset. Og i årsmeldinga 1945 skriv formann Konrad Bø: «Gud var god mot oss. Diverre har ikkje Guds godhet drive til omvendning. Mest ingen nye er komne med i flokken, og ikkje så få har vendt Gud ryggen». Slik virka velstand.

Vel, arbeidet fortsette under vekslende tider og kår. Årsmeldinga for 1951 melder om eit heller dårleg år. Men me vonar det lagar seg for oss i det nye året. Og det gjorde det også. Både då og seinare.

Arbeidet har stadig nådd nytt omfang. Vekkingar fekk me også oppleve på ny. I 1963 var det Ole Abel Sveen og Olav Steinar Tengesdal som fekk vera reidskap. Etter kvart vart og Harald Haukeland og Leif Halås. Går me til 1980 fekk me på ny oppleve vekking, der Magnus Solbakk og Johannes Blom fekk vera reidskap.

I 1983 starta me Tennpluggen, ein klubb for tenåringsgutar. Denne er godt i gjenge framleis. Ei ny «ung» kvinneforening «Håp» heiter den, vart starta i 1991. Me har og ei mannsforening tilknytta laget vårt, som er i funksjon. Det er kvinneforeningane Nordlys og Håp som har ansvar for mat og pynting i kveld.

Vestlandske har laga mange fester gjennom åra. Men dette var ikkje så enkelt i gamle dagar før kvinneforeninga tok seg av arbeidet som festkomite. Då styret sjølv måtte velgja komite vart det for eksempel slik i 1951 til nyttårsfesten:

**Oddmund Vagle, Jonas Nord-Varhaug, Gudrun Hobberstad, Ingfrid Ueland, Berta Dubland, Malena Mæland, Ingfrid Bærland,**

**Anna Husveg, Ingfrid Nord-Varhaug, Rakel E. Varhaug, Ivar Nord-Varhaug.**

I 1959 var desse valgte til komiteen:

**Ådne P Skretting, Jens Ånestad, Gudrun Lerbrekk, Emma Ånestad, Klara Håland, Karen Synnøve Ånestad, Tordis Framnes og Grete Hobberstad.**

Nyttårsfesten, eller våkenattsfesten, som den heitte i gamle dagar, hadde lang tradisjon i Vestlandske heilt fram til 1980, men i den tida kom ungdomslaget med ynskje om å overta festen aleine. Så frå 1981 har ungdommen vore aleina om festen.

På Varhaug fekk me altså Varhaug forsamlingshus i 1902. I 1960 kom første trinn av Varhaug Misjonshus. Så har det vorte fleire påbygg og fornying av lokalet, til det gode og tenlege Misjonshuset me har nå. Samarbeidet mellom organisasjonane som eig huset, har vore så fint og godt i over 100 år. Enormt mykje å vera takksame for.

Og det er ikkje få predikantar og Bibelbud som har besøkt Varhaug gjennom alle desse åra. Det ville verta alt for langt om ein berre skulle rekna alle i Vestlandske sin samanheng som har vore her. Så kjem alle dei andre i tillegg. IMF sin flokk kjenner stor trong til å takke alle dei andre lagsbrørne for eit godt og nært samarbeid.

Og etter som tidene endrar seg har det vorte etablert eit fellesskap på Varhaug misjonshus som heiter Sentrum Menighet. Awana er ein del av dette. Vi er inne i ei nybrotstid for Varhaug IMF, skriv **Gina Ueland** i årsmelding i 2018. På føremiddagsmøtet med barneopplegg kjem det frå 200 – 230 stykk. På generasjonssamlingane 150 – 200 samla. Fantastisk!

I den seinare tida kan me ikkje melda om vekkinger på same måte som før.

Kva er forresten vekking? Eg fann ei bok som kom ut på Indremisjonsselskapets forlag i 1927. Oversatt frå svensk. Der står det blant anna: «Vækkelse er et verk av Guds Ånd. Den vil overbevise om at sjælen er i fare. Guds gode Hellige Ånd vil således drive mennesket til Kristus, at det må våkne, og bli fornyet. Av naturen ligger det oss mennesker nær å være først og fremst interessert i det som hører denne verden til. Forlystelseslivet får stadig mer makt over mennesket. Derfor treng vi vekkelse.»

Men om me ikkje opplever vekking slik som før – så har me eit rikt og godt arbeid blant, barn, unge, vaksne og eldre. I kveld har eg lyst til å seia takk til deg som er med, enten det er i styret, kvinneforening, Awana, spela til sangane på møtet. Andre er med og steller til «Vi over 60», nokon besøker folk som er «sett til sides», og du som er med i bøn for arbeidet. Det er så mange tenester i Guds rike som og fungerer i det stille. Takk at du er med! Dette kan vera med å løysa ut ein ny vekking.

Vårt motto: «Med Guds Ord til folket».

Indremisjon er nærgående og difor ofte vanskeleg. Det trur eg dei karane som kom til vårt område i 945, Håkon den gode sine karar, også opplevde. Men er ein tent av Jesus så går Han og med oss.

Derfor – dette eg nå har prøvd å peika på gjennom historia, det er ikkje ei opprekning og framstilling av menneskeverk, men det er Guds Ånd sitt nådeverk. Gjennom menneske.

Menneska var og er ufullkomne, og derfor feilande i mange ting. Men dei stilte seg til rådighet for han som frelste dei, og som har kalla både dei og oss, med eit heilag kall til teneste.

Dette er all misjon sitt vesen til alle tider. Derfor er det som eg har prøvd å bera fram her – først og fremst gjort i audmjuk takk til Gud.

Tenk for ein langmodighet Gud har med oss menneske. Nåde over nåde!

Februar 2024



## Sangkveld med Minikoret og Emmaus frå Nærbø.

Per Åge Skretting

---

Den 10 mars. Inviterte Nor-misjon til sangkveld med Minikoret og Emmaus frå Nærbø. Minikoret stilte med ca 40 sangarar og Emmaus kom med ca 20. Marit Halvorsen heldt andakt. Rundt 200 møtte opp.



**BILVASK**  
Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM  
**5 FOR 3**  
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

**Esso** Varhaug  
Servicenter A/S  
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

**VI HAR GODKJENT BILVERKSTED**

**EL-TEAM**  
*Elektroentreprenør*

  
AUTORISERT ELINSTALLATØR  
MEDLEM AV  
**elkonor**

**Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40**  
**E-post: [firmapost@el-team.net](mailto:firmapost@el-team.net)**  
**[www.el-team.net](http://www.el-team.net)**



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

**BYGGMESTER**  
**O d d m u n d**  
**VAGLE**



Tlf 47 63 62 02  
Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

**BØEN STORKIOSK**  
**G A T E K J Ø K K E N**

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup> Fredag: 10<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup>

Lørdag: 09<sup>00</sup> - 23<sup>00</sup> Søndag: 10<sup>00</sup> - 22<sup>00</sup>



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveising av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 [www.Toppaland.no](http://www.Toppaland.no) [toppaland@gmail.com](mailto:toppaland@gmail.com)



Mobil 970 55 500

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT

**ERLING**

**AUESTAD**

MASKINENTREPENØR  
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



**butikken**

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

**JÆREN AUTO AS**

**BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE**

**TLF.: 917 00 827 - VARHAUG**



# Flaskeinnsamling

Lørdag 6. januar hadde me i VAKRU vår årlege flaskeinnsamling. Me møttes på misjonshuset for litt informasjon, før me blei fordelt i bilar og traktorar, og reiste ut til heile Varhaug for å henta flasker. I år var me om lag 70 ungdommar, fordelt i 20 køyretøy. Etter kvart som hengarane og dyrekassane vart fylde opp, blei dei køyrt ned til bodle, der flaskene vart sortert i sekkar. Til slutt møttes me på misjen igjen, og åt pizza saman, etter vel gjennomført dugnad.

I år samla me inn 142 sekkar med flasker totalt. Dette utgjorde 55 051 kr, som går til misjonsprosjektet vårt. Pengane går til Jordbruksskolenes venner på Madagaskar, og KPK Ukraina.

Ynskjer du å lese meir om dette, kan du gå inn på [vakru.no](http://vakru.no)!

Christina Skrettingland



**VIGRESTAD BYGG**



# Påskefest


Glenn Skretting

**28 sangarar og 2 musikarar frå Varhaug var med på et samarbeidsprosjekt i Egersund i vår. Prosjektet enda opp i konserten «Påskefest 2024» i Egersund Arena 16.mars.**

Dette var eit samarbeid mellom Egersund misjonskorps, Egersund misjonsforening, ein gjeng frå Varhaug og brødrene Rune og Bjarte Pedersen i spissen.

Til saman var det nærmare 100 personer på scenen med 50 sangarar pluss fullt band og korps.

Det kristne påskebudskapet var tema for konserten, og det vart ein fin opplevelse for både dei på scenen og ein fullsatt sal i Egersund Arena, rundt 600.







# Sangkveld med tema

## Konsert med Morten Samuelsen

Per Åge Skretting

---

Den 18. februar fekk meir enn 200 oppleva at Morten Samuelsen hadde konsert på Misjonshuset. I staden for vanleg Sondag, som er møter annankvar søndagkveld, så var han invitert til å ha konsert i staden. Gordon Bø ynskte han velkommen og så gjekk Morten fram og sa korleis han hadde tenkt å gjennomføra denne kvelden. Han arbeider i dag som sjølvstendig næringsdrivande innan song og musikk. Konsertane hans inneheld songar som går rett inn i mange menneske sine ulike livssituasjonar. Han har utvikla eit eige konsertkonsept og ynskjer å løfta Jesu namn. Han syng både egne songar og slike som me kjenner frå kristen samanheng elles. Han skriv tekstar på norsk, men syng og på engelsk. Han ønsker at tekstane skal vera til hjelp for folk.

Morten er 51 år, gift med Brynhild og har 3 gutar frå 20 til 26 år. Familien Samuelsen bur på Tau. I 2015 deltok han i Norske Talenter og framførte bla songen Bring Him Home.

Morten ofte solist i bryllup og gravferder. Han er med i Norea mediemisjon og er ofte å høyra bla på Ptro, P7 Kristen Riksradio og Jæren Misjonsradio.

Det er kanskje nokre som hugsar trioen Morten, Espen og far. Dei song inn på kassettar på 80-talet. Morten fortalte ope at livet hadde ikkje berre vore lett. Han hadde ein tvillingbror som hadde slitt med utfordringar i livet.

Han syng bla «Det skal komme en dag», --- «Som et barn -----», Hjemme i himlen---»

Konserten på Misjonshuset hadde tema: Sanger til Trøst, Håp og Glede.



# Trøst, Håp og Glede.



Takk for det som va  
Takk for kvert et lide minne  
Takk for alt du ga  
Alt som aldri heilt forsvinne  
Vinterdagen blei så brått på hell  
Skyer e som reine snø i kveld

Eg ser deg nesten sånn som før  
I ei liden fuglafjør  
I ei sky som dreiv forbi  
På en himmelhøge sti  
Fly i fred nå e du fri



# Mi bok

## «Som om Gud ikke finnes»

av Magnus Malm

«Vi kan leve som om Gud er virkelig, som om evangeliet er sant, som om Jesus er den han sier seg å være - eller som om alt sammen egentlig ikke betyr noe.

Det innebærer ikke at vi forplikter oss til å leve feilfritt eller at vi aldri vil mislykkes. Vi vil alltid mislykkes på forskjellige vis, for vi er nå engang syndere. Men det fritar oss ikke fra kallet om å følge Kristus. At vi faller på veien, gir oss ikke rett til å flytte på veiskiltene.»

Å velja ei bok som eg kan kalla «Mi bok» er ikkje lett. I tillegg til Bibelen er det mange bøker som gjev meg glede og lys over vandringa.

Magnus Malm er nok den forfattaren som eg dei siste åra har hatt størst utbyte av å lesa. I tillegg til eit rikt forfattarskap, er han nå ein av dei leiande innan retreatrørsla i Norden. Tidlegare har han arbeidd som journalist og redaktør. I bøkene viser han stor innsikt i og kjennskap til Bibelens budskap og korleis den opp gjennom tidene har påverka kyrkjer og samfunn og til sist den einskilde kristne.

I boka «Som om Gud ikke finnes», tek han for seg korleis vi i den seinare tid gradvis blir trekt bort frå Gud. Ikkje alltid dei store steg, men litt etter litt - umerkande.

Frå «evangeliet ... til kristne verdier».

Frå «etterfølging ... til engasjement».

Frå «Kristus ... til kristen tru».

Frå «å vedkjenna seg ... til å tolka».

Det å vera kristen blir ei privatsak som ikkje vedkjem andre enn oss sjølv. Vi går frå å ha Gud i sentrum til å ha oss sjølv i sentrum. Dei kristne samfunna tilpassar seg tidsånda - fylgjer ein «mainstreamkultur».

Kvart kapittel blir innleia med ei kort situasjonsforteljing. Ut frå denne viser han så korleis vi mistar både det menneskelege og det åndelege. Det blir eit språk mellom det biletet vi dannar oss av Gud og slik vi venta at det kristne livet skulle vera. Og då mistar ein fort rotfeste.

Ved å gå inn i den utviklinga kristne samfunn er inne i og så setja det opp mot det Guds ord seier (det er over 200 tilvisingar i boka, dei aller fleste til bibeltekstar), får han fram korleis kristne stadig let meir av tidsånda få prega innhaldet. Kyrkja og livet blir sekularisert. Gud er ikkje lenger så heilag. Og kva blir då heilag for oss?

Malm stiller det same spørsmålet som Jesus: Kva skjer når saltet mistar si kraft. Han peikar gjentekne gonger på kva som er vår og dermed kyrkja si oppgåve: «Å læra dei å halda alt det eg har bode dykk». (Matt. 28-20) Då må kyrkja tala i klartekst. Vi er ikkje av verda, men er sendt til verda. I ei tid som er prega av sjølvhevdning, resultatoppnåing og pengar, skal vi vitna om sanninga «Herre, lær meg din veg så eg kan vandra i di sanning». (Salm. 86.11) Sanninga er det vi skal gjera og visa andre. Så er det Gud som gjev vekst.

Og mellom linjene i det Malm kriv, ligg det ein budskap om å læra borna den veg dei skal gå. Det som blir prega inn i dei, let seg ikkje så lett viska ut!

Magnus Malm si bok er svært innhaldsrik. Det gjer at den nokre stader kan verka litt tung å lesa. Likevel er den ei bok som gjev mykje, både til ransaking, oppmuntring og ettertanke. Både denne boka og dei andre han har skriva, stiller oss spørsmålet: Kva er mitt forhold til Ein Heilag Gud?

Einar Mattingsdal



**SPAR**



**SPAR VARHAUG**

Tlf. 51 43 01 36

E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 06.30 - 21.00  
(08.00-20.00)

**SpareBank**  
SR-BANK **1**



Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

**Varhaug  
Park & Hage**

Tlf: 51 43 59 00 e-post [post@vph.no](mailto:post@vph.no) [www.vph.no](http://www.vph.no)



Murmester  
**Waldeland & Dubland AS**

Alt i mur-, puss- og flisarbeid  
Tlf: 992 50 989  
Epost: [post@waldeland-dubland.no](mailto:post@waldeland-dubland.no)

**HUS • TILBYGG • REPARASJONER**  
*Be om pristilbud på arbeid og materialer*



**Lobekk Bygg A/S**



**Svein Lobekk**

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87

# Prisar for leige av Misjonshuset

org nr. 974 923 319

Gjeld frå 1. Januar 2021

Betaling til konto nr: 3335 11 24011 ----- eller ein kan nytte VIPPS nr 538580	Kristelegge arrangement		Anna bruk	
	Eigarorgani sasjonanene (NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	400	600	1300	2000
Anretnings kjøkken	400	600	1000	1200
MATSAL 1)	300	400	1200	1600
Kjøkken 2)	300	500	1200	1600
Ungdomssal	400	500	1200	2000
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	200	200	200
Foreningsrom 4)	100	200	200	200
Barnekjeller 5)	150	200	200	200

- Merknad
- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
  - 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
  - 3): gratis for bønnemøter
  - 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.
  - 5): Ved leie av kjeller er det skoforbud, og det skal ryddast og vaskast etter bruk.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal	kr. 5000 *)
” ” : bruk av anr.kjøkken og møtesal	kr. 3500 *)
<i>Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.</i>	
*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.	

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1200	1300
Møteveke med fest på søndag	1600	2100
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	9000	-----
Basar (med tillaging dagen før)	1500	1500

NYTTÅRSFEST, heile huset, med tillaging 28-30/12 kr. 3000 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET

Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris pr stk	andre tenester	Pris pr time
Dukar (lin)	kr. 150.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200
Dukar (teflon)	kr. 100.		
Dukar (velour)	kr. 50.		
Bord (matsalbord til private selskap)	kr. 40.		
Stolar (gamle matsalstolar)	kr. 10.		

Det skal nå ikkje betalast 5% av omsetnad..

Varhaug, 27.mars 2020  
Styret for Varhaug Misjonshus.

# Faste arrangement

Dag	Arrangement kontakt telefon	Tidspunkt	Rom
Mandag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Mandag	Pianoøving Ragnhild Hoel 92443772	1330-1815	Matsal
Mandag	Minikor Marie Vatne Dyngeland 98817527	1700-1745	Møtesal
Mandag (oddetall)	Yngreskor Anne M. Fauskanger 48266184	1815-1915	Møtesal
Tirsdag	Homlebølet Kjellaug L. Røynås 92233840	0900-1100	barnekjeller
Tirsdag	Fysioterapigrupper Geir Ove Buøy 93210886	1030-1530	Matsal
Tirsdag	Bønnesamling Terje Bøe 90519422	2030-2130	ungdomssal / bønnerom
Tirsdag	SUNDAG lovsangsgruppe Anne Birgitte L. Bøe 47953147	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal
Onsdag (oddetall)	MTM - Misjen tre & mek Kristian Varhaug 41541054	1830 - 2130	sløyd og metall i kjeller
Onsdag (annan kvar)	Speideren, 5.kl og opp André Vagle 48145331	1900-2030	Ute
Torsdag	Åpen Barnehage Jeanette Tegle Tveit 41532651	0900-1300	Matsal
Torsdag (partall)	Speideren, 2. - 4. kl Åse Marie Varhaug 90702567	1645-1845	ute, Odlandsskogen
Torsdag	UL-Lovsangsgruppe Mikala Hobberstad 94826515	1800-2000	møtesal eller ungd.sal
Fredag	Ope hus Hanna Stokkeland 46836564	2000-2330	ungdomssal
Lørdag	Ungdomslaget Ådne Skretting 45065798	2000	ungd.sal (eller møtesal)
oppdatert 28/8-2023			

Oppdatert oversikt over møter framover er å finna på nettsida:  
[www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no) Klikk på møteplan og så møtebok.

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2023-2024-2025

namn/tlf (varamann i parantes)    Vekenummer    og dato    .

<b>Loyd Ånestad</b>	<b>46</b>	<b>2</b>	<b>10</b>	<b>18</b>	<b>26</b>	<b>34</b>	<b>42</b>	<b>50</b>
<b>915 39 216</b>	<b>13/11</b>	8/1	4/3	29/4	24/6	19/8	14/10	9/12
<i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>								
<b>Andreas Rasmussen</b>	<b>47</b>	<b>3</b>	<b>11</b>	<b>19</b>	<b>27</b>	<b>35</b>	<b>43</b>	<b>51</b>
<b>957 68 809</b>	<b>20/11</b>	15/1	11/3	6/5	1/7	26/8	21/10	16/12
<i>(Kristian Skrettingland 91375393)</i>								
<b>Per-Arvid Jakobsen</b>	<b>48</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>20</b>	<b>28</b>	<b>36</b>	<b>44</b>	<b>52</b>
<b>926 17 652</b>	<b>27/11</b>	22/1	18/3	13/5	8/7	2/9	28/10	23/12
<i>(Tor-Jarle Ueland 91671417)</i>								
<b>Torbjørn Honnemyr</b>	<b>49</b>	<b>5</b>	<b>13</b>	<b>21</b>	<b>29</b>	<b>37</b>	<b>45</b>	<b>1</b>
<b>479 56 501</b>	<b>4/12</b>	29/1	25/3	20/5	15/7	9/9	4/11	<b>30/12</b>
<i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>								
<b>Glenn Skretting</b>	<b>50</b>	<b>6</b>	<b>14</b>	<b>22</b>	<b>30</b>	<b>38</b>	<b>46</b>	<b>2</b>
<b>993 02 566</b>	<b>11/12</b>	5/2	1/4	27/5	22/7	16/9	11/11	<b>6/1</b>
<i>(Åge Skrettingland 90939439)</i>								
<b>Grethe Håland</b>	<b>51</b>	<b>7</b>	<b>15</b>	<b>23</b>	<b>31</b>	<b>39</b>	<b>47</b>	<b>3</b>
<b>936 74 616</b>	<b>18/12</b>	12/2	8/4	3/6	29/7	23/9	18/11	<b>13/1</b>
<i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>								
<b>Georg Høien</b>	<b>52</b>	<b>8</b>	<b>16</b>	<b>24</b>	<b>32</b>	<b>40</b>	<b>48</b>	<b>4</b>
<b>414 74 560</b>	<b>25/12</b>	19/2	15/4	10/6	5/8	30/9	25/11	<b>20/1</b>
<i>(Reidar Varhaug, 90890978)</i>								
<b>Tarald Ånestad</b>	<b>1</b>	<b>9</b>	<b>17</b>	<b>25</b>	<b>33</b>	<b>41</b>	<b>49</b>	<b>5</b>
<b>906 37 516</b>	1/1	26/2	22/4	17/6	12/8	7/10	2/12	<b>27/1</b>
<i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>								

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.  
(ajour 28/12-2023)